

# ÅRSMELDING

## 2009

NEGOTIA - HARDANGER  
AVD.

20.02.2009 - 17.02.2010

## ORGANISASJON

Styret i Negotia Hardanger Avdeling har siste året vore samansett slik:

Laila T. Blokhus	- leiar
Merete Hersvik	- nestleiar, redaktør Negotia-Nytt
Karin Sandvik	- sekretær
Belinda Berg (Økonomiforb.)	- kasserar
Karina Isaksen	- styremedlem
Åshild Stueland	- styremedlem/studieleiar
Gro Anne Gravdal	- varamedlem
Margunn Lindstrøm	- varamedlem
Cecilie Romslo	- observatør

REVISOR har vore Marianne Ljostveit, med Else Marie Handeland som vararevisor.

REPRESENTANTAR TIL REGIONALT MØTE har vore Laila Tveit Blokhus , Åshild Stueland og Gro Anne Gravdal.

REPRESENTANT TIL LANDSMØTET har vore Merete Hersvik og Laila Blokhus.

VALNEMDA har hatt følgjande samansetning:

Karin Sandvik (UMOE) , Sissel Bartlett (HMR), Brit Andersson(TTI), Tove M Sundal (Tveit Regneskap), Ann-Mari Eikeland Reime (Kvinnherad Energi) og Marianne Eide (Boliden).

## MEDLEMSSTATUS

I løpet av perioden har Negotia Hardanger hatt følgjande endringar i medlemsstatusen:

Medlemstalet er i dag 307 mot 128 for eit år sidan I tillegg kjem 12 medlemmer hos Tveit Rekneskap (Økonomiforbundet). Den store auken skuldast i hovedsak at me i løpet av året overtok medlemmane i Sunnhordland avdeling. I tillegg fekk vi nokre nye medlemmar når avdelingstrukturen blei lagt om etter vedtak på landsmøte 2009.

## **STYREMØTA**

Negotia Hardanger har i perioden hatt 5 STYREMØTE - der det har vore behandla 43 saker. I tillegg har me hatt "mail-møte" på dokumentasjonen til Landsmøtet. Vi har også behandla og svart på høyring frå Negotia sentralt.

Møta har avsett møtetid på 2-3 timar. Innkalling med sakliste til møta vert sendt ut ca. ei veke før møta skal haldast. Ordninga med at ein må melda frå innan kl. 09.00 møtedagen - om ein ikkje har høve til å møta - fungerer stort sett bra. Meldeplikta er viktig for effektiviteten - vi unngår ventetid, og ikkje minst er dette viktig i kostnadssamanheng - vi unngår at det vert bestilt mat til dei som ikkje møter.

## **TARIFFOPPGJERET 2009**

Tariffoppgjeret 2009 vart innleia med Lønnskonferanse på Husnes 06.05.2009. Tillitsvalte frå Hardanger og Sunnhordland avdeling deltok.

## **TEMADAG / MEDLEMSSAMLING**

Avdelinga prøvde å få til ei medlemssamling (weekend)i Haugesund hausten 2009. Påmeldinga til dette var så liten at arrangementet måtte avlysast.

## **REGIONSΜØTET 2009**

Regionsmøtet 2009 i Region Vest vart halde i Florø 17 -19.04.09 med Fjordane avdeling som vertsavdeling. Laila T. Blokhus, Åshild Stueland og Gro Anne Gravdal deltok.

Saker som blei behandla på Regionsmøte var:

- Strukturutvalgets arbeid
- Tariffoppgjøret 2009
- Informasjon frå Negotia Ung
- Tema: Kan Negotia bli bedre ? Regionskoordinatoren si rolle

- Klubben i vårt hjerte
- Valg

## LANDSMØTET 2009

Landsmøte blei halde på Gardermoen 20 - 22.11.09. Merete Hersvik og Laila Blokhus deltok.

Hovedsakene på Landsmøte var:

Regnskap, budsjett og årsrapport

Struktur

Kontingent

Behandling av innkomne forslag

Workshops

Valg

Utdeling av prisar (Laila Blokhus mottok i år aktivitesprisen)

## VERVEKAMPANJEN

Vervegruppa oppdaterte ei allerede påbegynt liste over aktuelt firma i regionen der vi kunne verne nye medlemmer/klubbar. Dette arbeidet blei veldig omfattande, og ingen i vervegruppa hadde kapasitet og tid til å fullføre dette. Arbeidet måtte også foregå i normal-arbeidstid. Vi tok dette opp i styremøte og konkluderte med at verving av nye klubbar må vere ei sak som Negotia sentral må arbeide med, gjerne med innspel frå avdelingane over aktuelle bedrifter. Vi konsentrere oss om å verve i allerde etablerte klubbar.

## KURSVERKSEMD

Avdelinga har som strategi å prioritera tillitsvalde til kursdeltaking. Av desse vert igjen prioritert tillitsvalde med verv som leiar, nestleiar og sekretær i avdeling og klubbar, kasserar i avdeling, samt forhandlingsutvala i klubbane.

Målet er at alle tillitsvalde/styremedlemmar både på avdelings- og klubbnivå skal gjennomføra KJERNEKURSA.

I vår avdeling er det ikkje så mange som har vore på kurs dette året. Håpar på å bli meir aktive på dette i 2010.

## MEDLEMSBLADET, Negotia-Nytt

Vi fekk dette året ut 3 nummer av Negotia-Nytt.

Redaktør har vore Merete Hersvik. Bladet blir lagt ut på nettsida til avdelinga.

## KONKLUSJON

Ut frå VERKSEMDSPLANEN som vart sett opp for 2009 vil styret seia seg veldig bra nøgd med oppfølginga.

Nesten alle AKTIVITETANE er gjennomførte som planlagt.

KONTAKTEN vi har med KLUBBANE i vår avdeling er rimelig god. Det hadde vore ynskkelig om at dei fleste klubbane hadde ein representant i styret.

Til sist må seiast at SAMARBEIDET i STYRET er svært godt, med ein god og lett tone.

At alle bidrar og tar sin del av ansvaret for dei oppgåver som skal utførast er viktig for at arbeidsoppgåvene skal bli rimeleg bra fordelt, samt at styrearbeidet blir meir interessant for alle. Godt skulerte og engasjerte tilitsvalde med stor vilje til å samarbeida, gjer dette muleg - om alle tar sin del av ansvaret.

STYRET vil til slutt få takka medlemmane for tilliten og samarbeidet i året som er gått.

Seimsfoss 10.02.2010 / Husnes 17.02.2010

Styret i Negotia Hardanger avd. 2009

Laila T. Blokhus (Sign)

Merete Hersvik (Sign)

Karin Sandvik (Sign)

Belinda Berg (Sign)

Karina Isaksen (Sign)

Åshild Stueland (Sign)

Gro Anne Gravdal (Sign)

Cecilie Romslo (Sign)

Margunn Lindstrøm (Sign)